



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

*Statsråden*

Østfold fylkeskommune  
Postboks 220

1702 SARPSBORG

Dykkar ref.

Vår ref.  
12/215-1 EN

Dato

28 FEB 2012

**Statsbudsjettet 2012 – Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar for regional utvikling – Utbygging av breiband og annan infrastruktur - Tilskotsbrev**

Tilsegn nr.: 12 414000

**1 Innleiing**

Eg syner til Prop. 1 S (2011–2012) for Kommunal- og regionaldepartementet, Innst. 16 S (2011–2012) og orienteringsbrev av 6. oktober 2011. I brevet her gjev departementet rammene til fylkeskommunane over kap. 551, post 61 for budsjettåret 2012. Eg syner òg til brev av 9. januar 2012 med fordeling av midlane på kap. 551, post 60 Regional utvikling i fylkeskommunane, som mellom anna inneheld presiseringar av dei dokumenta som er nemnde ovanfor, og som òg gjeld for kap. 551, post 61.

Den totale ramma i 2012 for kap. 551, post 61 er på i alt 628,6 mill. kr. Løyvinga omfattar mellom anna midlar til å dekkje tilsegnfullmakta på 100 mill. kr som alt er disponert i 2011, men som blir utbetalte i 2012. I tillegg er det gjeve ei tilsegnfullmakt på 100 mill. kr på denne posten, som først kjem til utbetaling i 2013. Dette gjeld òg for dei fylka som berre får tildeling frå restmidlane, sjå punkt 2 i dette brevet og vedlegget. Kompensasjonsmidlane er utrekna til 505,05 mill. kr. Restmidla er utrekna til 123,55 mill. kr til fordeling til fylke med kommunar innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Fylkeskommunane skal prioritere å nytte restmidla til utbygging av breiband. Fylkesfordelinga for kap. 551, post 61 er synt i vedlegg 1.

## **2 Fylkesvis ramme**

Ramma til Østfold fylkeskommune er fastsett til **0,42 mill. kr.** Av den totale ramma på 0,42 mill. kr kan 0,35 mill. kr utbetalast i 2012. Resten, 0,07 mill. kr, er ei tilsegnfullmakt der midlane først kan utbetalast i 2013.

Løyvinga som er stilt til rådvelde, skal disponerast i samsvar med reglementet for økonomistyring i staten, Prop. 1 S (2011–2012), retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61, statsstøtteregulverket, brevet frå departementet av 9. januar 2012 og presiseringane i tilskotsbrevet her.

## **3 Breibandsutbygging og annan infrastruktur og andre næringstiltak**

Ramma for restmidlar er fordelt på fylke med kommunar innanfor heile det distriktpolitiske verkeområdet. Sjå vedlegg 1.

I 2012 skal fylkeskommunane prioritere utbygging av breiband til område som ikkje har tilbod om breiband i dag. Når alle har fått eit tilbod om breiband som svarer til 640/128 kbit/s, skal midlane disponerast slik at ein prioriterer å auke kapasiteten på nettet i område som elles ikkje kjem til å bli utbygde av kommersielle aktørar. Fylke som har oppnådd full breibandsdekning med stor nok kapasitet, kan bruke midlane til annan infrastruktur og andre næringstiltak, medrekna å få til betre mobildekning, etter avtale med departementet. Dette inneber at fylkeskommunen må skaffe seg skriftleg samtykke frå departementet før det blir sett i verk tiltak.

Dei fylkeskommunane som tidlegare har fått godkjenning frå Kommunal- og regionaldepartementet for annan bruk av midlane enn til breibandsutbygging, treng ikkje sende inn ny søknad. Det føreset at dei tiltaka eller føremåla som blir støtta, er tiltak eller føremål som departementet tidlegare har gjeve godkjenning.

### ***Krav i samband med breibandsutbygging***

Ved tildeling av tilskot til breiband må fylkeskommunane setje desse krava:

1. Tilskotet skal nyttast til å bygge ut infrastruktur for breiband.
2. Tilskotet skal gjevast etter konkurranse for å tryggje at dei tilgjengelege midlane blir utnytta så godt som råd.
3. Tilskotet må tryggje at både husstandane, næringslivet og offentleg sektor blir dekte i utbyggingsområda.
4. Tilskotet må tryggje at det blir høve til konkurranse på tenester og innhald.

Departementet legg til grunn at prioriteringa mellom ulike prosjekt er i tråd med måla og strategiane i fylkesplanane eller konkrete planar for støtte til utbygging av breiband i område utan marknadsdekning.

ESA har fastsett retningslinjer for offentleg støtte til bygging av raskt breiband for å tryggje at det blir konkurranse, og for å unngå at private investeringar blir fortrengde

av prosjekt med offentlig støtte. Departementet syner i samband med dette til eige brev av 22. desember 2010 om retningslinjene.

Departementet ynskjer å auke kunnskapen om resultatet av bruken av midlane til breiband og vil ha dialog med fylkeskommunane om korleis ein best kan måle dette.

For annan infrastruktur og andre næringstiltak gjeld dei generelle måla og retningslinjene for løyvinga.

#### **4 Anna rettleiing**

Retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61 er dei same som i fjor. Når det gjeld dei punkta som er nemnde nedanfor, syner eg til tilsegnsbrev av 9. januar 2012:

- Tilhøvet til andre aktørar og operatøransvaret for bedriftsretta verkemiddel.
- Særskilde satsingar under Kommunal- og regionaldepartementet og nasjonale verkemiddelaktørar.
- Forholdet til Distriktssenteret, profilering og omdømme.
- Økonomiforvaltninga.
- Rapportering, oppfølging, evaluering og fristar.
- Informasjons- og kommunikasjonsarbeidet.


#### **4.1 Overføring av midlane**

Ramma til fylkeskommunen blir overført to gonger i 2012: ca. 1. mai og ca. 1. oktober. Den delen av ramma som blir gjeven som tilsegnsfullmakt, blir utbetalt i januar 2013. Departementet kjem til å overføre midlane til dei same kontoane som i 2011 med mindre departementet får melding om at fylkeskommunen ynskjer noko anna.

#### **Avslutning**

Eg ber om at fylkeskommunane orientere deltakarane i partnerskapen om innhaldet i dette brevet og ynskjer fylkeskommunane og partnerskapane lukke til med utviklingsarbeidet i 2012!

Med helsing

  
Liv Signe Navarsete

Vedlegg: Fylkesvis fordeling av løyvinga på kap. 551, post 61 i 2012

Kopi til:  
Distriktssenteret  
Innovasjon Norge Hovedkontoret  
Samferdselsdepartementet  
Forsynings-, administrasjons- og kirke departementet  
Plan- og administrasjonsavdelingen  
Riksrevisjon